

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Leiketun barnehage
Holtermandsvegen 2A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2184 - 19/38987

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
20.12.2019

NY PLANGODKJENNING - LEIKETUN BARNEHAGE

Miljøretta helsevern skal i samband med utviding/påbygging av Leiketun barnehage gje samtykke til planar. Dette i samband med rettleier til «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» § 6.

Søknad om plangodkjenning vart motteke den 24.6.19 (vår ref. 14/2184 – 19/20408) og tilleggsopplysningar i saka vart motteke 27.6.19 (vår ref. 14/2184 – 19/21001).

I søknad for plangodkjenning vart det oppgjeve eit netto leike- og opphaldsareal på 470 m², som var stort nok til 118 barn over 3 år.
Uteleikeareal var oppgjeve til 2 840 m², samt skogsleikeplass på ca. 3 500 m².

Plangodkjenning for utbygging vart gjeve 28.06.19 (vår ref. 14/2184 – 19/21039). Denne vart gjeve for 105 barn (som det var søkt om).

I samband med tilsyn og ny helseverngodkjenning den 17.12.19, kom det fram at areal etter planlagt utbygging var meir enn tidlegare opplyst. Styreleiar for Leiketun sende den 19.12.19 nye opplysningar angående leike- og opphaldsareal inne og ute. Frå arkitekt kjem det fram at netto leike- og opphaldsareal inne vil etter utbygging vere ca. 581 m². Styreleiar har oppgjeve at Leiketun vil etter utbygging disponere eit uteareal på 5 300m².

I e-post den 19.12.19 søker styreleiar i Leiketun om ny plangodkjenning for totalt 134 barn (> 3 år).

Utvida barnehage er planlagt ferdig i 2020.

➤ **Vurdering**

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år. Uteleikearealet bør vere 6 gangar så stort (ca. 33 m² for barn under 3 år og 24 m² for barn over 3 år).

Leiketun barnehage vil etter utbygging ha 6 avdelingar med totalt 134 barn.
Barnegruppa vil ha behov for ca. 536 m² inneareal og ca. 3 200 m² uteareal.

Nye opplysningar viser at etter utbygging vil barnehagen ha eit netto leike- og opphaldsareal på 581 m², som er tilfredsstillande for 134 barn > 3 år.
Uteleikeareal er oppgjeve til ca. 5 300 m².

Ut i frå dette så har barnehagen tilstrekkeleg leike- og opphaldsareal inne og ute til 134 barn over 3 år.

➤ Samtykke til planer

Miljøretta helsevern samtykkjer til planane til utviding/påbygging av Leiketun barnehage for inntil 134 barn over 3 år. Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa.
Vurderinga er gjeve i samband med «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.».

Ei endeleg godkjenning av Leiketun barnehage (etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.») vil bli gitt etter søknad når bygget er ferdigstilt.

Vurdering om godkjenning skal utførast før oppstart.

Med helsing

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjarne Kvam
Kristin Moe
Martin W Kulild
Meland kommune
Ragnhild Roald Grønner

Postboks 79 5906

Frekhaug